

Romsdalsk?

– Nynorsk, sjølvsagt!

**Romsdal Mållag
2001**

1. Kva grunnlag bør me velje skriftmål på?

- Korfor er språkspørsmålet så viktig for oss? Dialekten me har lært oss som små, er ikkje berre det språket me uttrykkjer oss mest naturleg på; dialekten vår stikk òg djupare i oss enn dei språka og språkformene me lærer seinare i livet, for all anna innlæring, oppleving og sosialisering skjer gjennom førstespråket. Dialekten, det eigentlege morsmålet vårt, blir dermed nært knytt til omgrep, tankar og kjensler heile livet. Han vil alltid røre ved oss på ein eller annen måte. *Skriftmålet bør difor byggje på dialekten.*
- Sosialpsykologar har studert korleis individua opplever språket som bindeledd mellom seg og miljøet rundt seg. Kan me bruke språket vårt fritt, opplever me at me sjølv og miljøet som me identifiserer oss med, blir godtekne. *Vurderinga av eige språk er nemleg nært knytt til sjølvkjensla* me har.

Språket er eit uttrykk for kvar me ønskjer å høyre til. Det er først og fremst romsdalsdialekten som gjer at me kjenner oss som romsdalingar. I nynorsken kan me kjenne att dialekten, mens bokmålet markerer avstand til heimemålet vårt.

- Ettersom nynorsken markerer seg som eit dialektnært skriftspråk, skaper han større generell toleranse for dialektar og gjer at me kan *kjenne oss tryggare som dialektbrukarar.*
- Denne sosialpsykologiske samanhengen fell godt saman med den pedagogiske idéen om at læringa skjer best når elevane får utvikla tiltru til seg sjølv. Eit leiande pedagogisk prinsipp er at undervisninga skal *ta utgangspunkt i det som er kjent* og heimleg, i staden for å gjere elevane fremmende overfor lærestoffet. Ved å oppleve at skriftmålet byggjer på talemålet, styrkjer ein tiltrua til det heimlege.

I skriveopplæringa i dag legg ein vekt på at elevane på dei første årsstega skal få skrive mest muleg slik dei snakkar nettopp for at dei skal få utvikle skriftmålet med utgangspunkt i den uttrykksevna dei alt har i talemålet sitt. Først lenger opp i klassestega skal ein krevje meir korrekt ortografi. Det forenklar læreprosessen at ein kan overføre den grammatikken ein alt brukar og meistrar i dialekten, til det nye uttrykksmiddelet ein skal lære seg: skriftspråket.

Denne utviklinga av *eit personleg, levande og uttrykksfullt skriftspråk* blir mykje enklare viss ein har den dialektnære nynorsken som opplæringsmål i grunnskulen.

- Når elevane går ut av skulen, har dei stor nytte av å meistre nynorsk godt. Å kunne både bokmål og nynorsk gjev fordelar i mange slags arbeid, og ein har ei grundigare innsikt i den kulturelle breidda i landet vårt. I mange yrke krevst det dessutan at tilsette skriv begge dei offisielle skriftmåla i landet. Ein ser støtt at dei som har lært nynorsken berre som sidemål, ikkje meistrar han godt nok og står opprådde når dei skal forme tekstar. *Nynorsk hovudmål i grunnskulen er den aller beste språklege kvalitetssikringa.*

2. Nynorsk – bakgrunn

Nynorsken blei laga med eit pedagogisk og sosialt siktemål: Med å byggje på talemålet hos dei breie lag av folket skulle dette språket gjere det enklare for vanlege folk å ta del i den skriftlege kulturen. På den måten styrkte ein den politiske situasjonen for det store folkefleirtalet ved at dei lettare kunne hevde seg i samfunnet. I Europa blei det skapt mange nye skriftmål på 1800-talet med same siktemålet, og i vår tid skjer det same i andre verdsdelar.

Nynorsken skal altså styrke demokratiet. Bokmålet har utspringet i talemålet åt overklassen i byane, hos dei som sit med mest makt. Sjølv om dette bildet ikkje er heilt likeins i dag som for hundre år sia, er likevel situasjonen mykje lik. Bokmålet har maktsentrumet på si side, og det gjer at denne språkforma kan dominere i samfunnet, f.eks. i massemedia. Derifrå deler ein f.eks. ut mindremannskjensla ved å definere kva som er unormalt og rart. Difor treng ein bevisste motholdning mot den sosiale rangeringa som språket blir brukt til. Dei siste tiåra har me sett korleis dialektane er tekne i bruk for å markere sjølvstillinga kringom i landet. Nynorsken har vore ei slik markering i over hundre år. Nettopp slik kom han òg i bruk i Romsdal.

Det er ikkje tvil om at nynorsken har fungert slik han var tenkt. Han har vore med og gitt styrke åt mange folkelege rørsler. Mange politikarar har brukta dette språket, og nynorsken har hjelpt fram mykje av norsk kulturliv. Mellom anna ville norsk litteratur ha vore fattigare utan alle dei forfattarane som nynorsken har forløyst skaparevna hos. For eksempel hadde både Arne Garborg og Olav Duun vore umulege utan nynorsk, og frå vår tid gjeld det same for Kjartan Fløgstad og Jon Fosse, og ikkje mindre dei romsdalske samtidssorfattarane Edvard Hoem og Alf Sæther. Språktonen er ein del av kunsten.

Bokmålet har vore fastlåst i ein skrifttradisjon som har hatt vanskar med å ta opp i seg drag frå norsk talemål. I den grad bokmålet har teke omsyn til dialektar, har det retta seg etter dialektane kring Oslo. I 1996 samla bokmålsfagnemnda i Norsk språkråd seg om at ho ved endringar i rettskrivinga skal byggje på sørøstlandsk og mest såkalla standardtalemål. Bokmålet overser dermed programmatisk talemålet i landet utanom Oslo-gryta.

3. Kva skriftmål passar best i Romsdal?

Nedafor skal me vise ein liten tilfeldig avistekst. Til venstre kjem han på bokmål, slik han stod i avis, og til høgre er ein nynorskversjon. I midten står teksten skriven på ein romsdalskvariant (med nokre forenklingar der dialekten har lydar som ikkje er brukt i noko av skriftmåla). Så kan ein sjølv samanlikne!

<i>NTB-melding 5.8.01:</i>	<i>Romsdalsk versjon:</i>	<i>Nynorsk versjon:</i>
<p>Lommetyvene venter på deg</p> <p>Sommerens turister har for lengst inntatt den franske hovedstaden, og byens lommetyver har gode dager. Politiets statistikk viser med tydelighet at tilreisende bør være på vakt.</p> <p>Ved politistasjonene i Paris er det hver dag kør av ulykkelige turister som er frastjålet og fraranet sine feriepenger og eiendeler.</p> <p><i>Stor økning</i></p> <p>Kriminaliteten i byen har ifølge politiet økt med ti prosent bare i første halvår, og økningen i antall overfall og ran på åpen gate har vært på over elleve prosent.</p> <p>Langfingrede lommetyver opererer også i flokk ved Paris' mange turistattraksjoner og plukker daglig med seg store verdier fra lommer og vesker mens ofrene er opptatt av å ta bilder av seg selv og sine nærmeste ved attraksjoner som Eiffeltårnet.</p>	<p>Lommetjuan venta på de</p> <p>Turistan i sommar he fær lenje sia møtt fram i den franske hovedsta'n, og lommetjuan i by'n he goe dage. Statestikkjin frå poletie vise tydele at tereisenes bør vare på vakt.</p> <p>På poletistasjonan i Paris e det kvar dag kør då oløkkele turista so e fråstolne og frårana feripengan og eiendelan sine.</p> <p><i>Stor auking</i></p> <p>Kriminalitet'n i by'n he ifølje poletie auka mæti prosent bære første halvåre, og aukingja i tale på overfall og ran på åpa gate he vore på åver ellve prosent.</p> <p>Langfengra lommetjua áperera au i flokk attmæ dei mange turistattraksjonan i Paris og plokka dagle mæse store værdia frå lommå og væskå, mæns ofra e opptatt då å ta bilde då se sjøl og sine neraste attmæ attraksjona so Eiffeltårne.</p>	<p>Lommetjuvane ventar på deg</p> <p>Turistane i sommar har for lenge sia møtt fram i den franske hovedstaden, og lommetjuvane i byen har gode dagar. Statistikken frå politiet viser tydeleg at tilreisande bør vere på vakt.</p> <p>På politistasjonane i Paris er det kvar dag kør av ulykkelege turistar som er fråstolne og frårana feriepengane og egedelane sine.</p> <p><i>Stor auking</i></p> <p>Kriminaliteten i byen har ifølgje politiet auka med ti prosent berre første halvåret, og aukinga i talet på overfall og ran på open gate har vore på over elleve prosent.</p> <p>Langfengra lommetjuvar opererer òg i flokk attmed dei mange turistattraksjonane i Paris og plukkar dagleg med seg store verdiar frå lommer og vesker, mens ofra er opptatt av å ta bilde av seg sjølv og sine nærmeste attmed attraksjonar som Eiffeltårnet.</p>

4. Romsdalsk-grammatikken og dei to skriftmåla – nokre eksempel

Ein dialekt er òg eit språk, m.a. på den måten at han har ein fullstendig grammatikk, dvs. eit grammatisk system som ein kan gje att med reglar i ei bok, slik me kjenner grammatikkane for andre språk.

Nedafor skal me sjå på nokre punkt i grammatikken for romsdalsk, og me skal jamføre desse punkta med skriftmåla bokmål og nynorsk.

Substantivbøyninga

I både romsdalsk og nynorsk er det konsekvent gjennomført ei bøying i tre kjønn. Men i tillegg er òg kvart kjønn oppdelt i undergrupper. Me skal her sjå på dei vanlegaste bøyingsmönstra og jamføre dei først med nynorsk:

Hankjønn:

A:

Romsdalsk	<i>ein jobb</i>	<i>jobben</i>	<i>jobba</i>	<i>jobbanj*</i>
	<i>ein stolpe</i>	<i>stolpinj</i>	<i>stolpa</i>	<i>stolpanj</i>
Nynorsk	<i>ein jobb</i>	<i>jobben</i>	<i>jobbar</i>	<i>jobbane</i>
	<i>ein stolpe</i>	<i>stolpen</i>	<i>stolpar</i>	<i>stolpane</i>

* *nj* markerer ein n-lyd med j-klang.

B:

Romsdalsk	<i>ein sau</i>	<i>sau'n</i>	<i>saeue</i> (eller <i>saua</i>)	<i>sauinj</i> (eller <i>sauanj</i>)
Nynorsk	<i>ein sau</i>	<i>sauen</i>	<i>sauer</i> (eller <i>sauar</i>)	<i>sauene</i> (eller <i>sauane</i>)

Hokjønn:

A:

Romsdalsk	<i>ei bru</i>	<i>brua</i>	<i>brue</i>	<i>bruinj</i>
Nynorsk	<i>ei bru</i>	<i>brua</i>	<i>bruier</i>	<i>bruene</i>

B:

Romsdalsk	<i>ei myr</i>	<i>myra</i>	<i>myra</i>	<i>myranj</i>
Nynorsk	<i>ei myr</i>	<i>myra</i>	<i>myrar</i>	<i>myrane</i>

C:

Romsdalsk	<i>ei dame</i>	<i>damå</i>	<i>damå</i>	<i>damen</i>
Nynorsk	<i>ei dame</i>	<i>dama</i>	<i>damer</i> (eller <i>damor</i>)	<i>damene</i>

I ubestemt form fleirtal av gruppe C finst det fleire endingar i Romsdal: Lengst vest heiter det *fleire vise*, i inste strøka finst forma *fleire visu*, mens stordelen har *fleire viså* (*viso*).

Inkjekjønn

Romsdalsk	<i>eit tre</i> <i>eit møte</i>	<i>tree</i> <i>møte</i>	<i>tre</i> <i>møte</i>	<i>trea</i> <i>møta</i>
Nynorsk	<i>eit tre</i> <i>eit møte</i>	<i>treet</i> <i>møtet</i>	<i>tre</i> <i>møte</i>	<i>trea</i> <i>møta</i>

Me ser i alle desse bøyingsmønstra korleis romsdalsk og nynorsk følgjest åt. Der romsdalsk skil mellom fleire bøyingsgrupper i fleirtal, gjer nynorsk det òg. Slik kan ein altså kjenne att romsdalsdialekten. Med bokmålet finn me derimot ikkje noko slikt samsvar. For det første har bokmålet hatt vanskar med å godta hokjønnnsendinga *-a* i bestemt form eintal. Det heiter såleis f.eks. *diktningen*, og ikkje *diktinga*. Og der det er valfridom i bokmålsrettskrivinga – f.eks. mellom *dama* og *damen* – brukar bokmålstradisjonen aller mest hankjønnnsforma (felleskjønnnsforma) *damen*. For det andre kan ein i fleirtal ikkje ha ulike endingar slik romsdalsk har det. Bokmålet har *-er* overalt i hokjønn og hankjønn. Dessutan kan og skal det i inkjekjønn fleirtal òg vere *-er* og *-ene* i somme ord, i andre ikkje: *flere hus*, *alle husa/husene*, *flere epler*, *alle eplene*. Enda meir avvikande er bokmålsk *tre - trær*. Bokmålssystemet er altså på ingen måte i samsvar med romsdalsk.

Romsdalsk høyrer til dei dialektane som i substantiv og pronomen har hatt eigne dativformer i tillegg til det ein gjerne kallar nemneformer. Det er dermed gjort forskjell på at *ho går oppi markja* og *ho går oppe i markjinj*. Eit slikt skilje kan ein ikkje bruke i skriftmåla, verken i nynorsk eller bokmål. Difor heiter det i nynorsk skriftmål: *Ho går oppi marka* og *Ho går oppe i marka*. I yngre romsdalsk er dativen lite brukt. (I romsdalsteksten ovafor er difor han heller ikkje brukt.)

Nokre pronomen

Dei personlege pronomena kan vere viktige for kor nært me identifiserer oss med språket. I første person eintal, altså romsdalsk *i*, er det ikkje fullt samsvar med verken bokmål eller nynorsk.

Såg dei dåkkå?
Såg dei dykk?
Så de dere?

Men i dei andre personlege pronomena samsvarar romsdalsk heilt ut med nynorsk, og därleg med bokmål: Stordelen av Romsdal har i første person fleirtal *me*, men tidlegare Hustad kommune har *vi*. Begge desse pronomena kan ein bruke i nynorsk, i bokmål berre *vi*. Andre person fleirtal *de/di* – *dåkkå* svarar til nynorsk *de* – *dykk*, og tredje person fleirtal *dei* – *dei* er heilt som i nynorsk. Bokmål har *dere* – *dere* og *de* – *dem*, dvs. eit heilt anna system.

Me kan òg sjå på nokre andre pronomen der det er forskjell på bokmål og nynorsk:

Nynorsk	<i>nokon</i>	<i>noko</i>	<i>nokre</i>
Romsdalsk	<i>nåkken</i>	<i>nåkkå</i>	<i>nåkre</i>
Bokmål	<i>noen</i>	<i>noe</i>	<i>noen</i>

Nynorsk	<i>kven</i>	<i>kvar, kor</i>	<i>kvarandre</i>	<i>somme</i>	<i>einkvan</i>
Romsdalsk	<i>kamm,</i> <i>kannj, kennj</i>	<i>kar, kor</i>	<i>kvarandre</i>	<i>somme</i>	<i>ingkvanj,</i> <i>ongkvanj</i>
Bokmål	<i>hvem</i>	<i>hvor</i>	<i>hverandre</i>	(neppe brukt)	(manglar)

Verbbøyninga

Sterke verb

I verbbøyninga ligg største forskjellen på bokmål og nynorsk i bøyninga av dei sterke verba. I notid krev bokmål endinga *-er*, som ikkje finst i romsdalsk. I fortid har bokmålstradisjonen vanskeleg for å godta diftongen *au*, og i perfektum partisipp krev bokmålet alltid *-t*, som heller ikkje finst i romsdalsk. Me kan dermed vise forskjellen frå bokmål og likskapen med nynorsk slik:

Nynorsk	<i>skyte, komme</i>	<i>skyt, kjem</i>	<i>skaut, kom</i>	<i>skote, komme</i>
Romsdalsk	<i>sjyte, kåmme</i>	<i>sjyt, kjæm</i>	<i>skaut, kåmm</i>	<i>skote, kåmme</i>
Bokmål	<i>skyte, komme</i>	<i>skyter, kommer</i>	<i>skjøt, kom</i>	<i>skutt, kommet</i>

Svake verb

I dei svake verba har romsdalsk notidsendingane *-a*, *-e* og inga ending – brukt akkurat likeins som *-ar*, *-er* og inga ending i nynorsk. Bokmål har ikkje dette skiljet mellom tre typar notidsformer:

Nynorsk	<i>kaste, dømme,</i> <i>selje</i>	<i>kastar,</i> <i>dømmer, sel</i>	<i>kasta, dømte,</i> <i>selte</i>	<i>kasta, dømt,</i> <i>selt</i>
Romsdalsk	<i>kaste, dømme,</i> <i>sæL*</i>	<i>kasta, dømme,</i> <i>sæL</i>	<i>kasta, dømte,</i> <i>sæLte</i>	<i>kasta, dømt,</i> <i>sæLt</i>
Bokmål	<i>kaste, dømme,</i> <i>selge</i>	<i>kaster,</i> <i>dømmer,</i> <i>selger</i>	<i>kastet (eller</i> <i>kasta), dømte,</i> <i>solgte</i>	<i>kastet (eller</i> <i>kasta), dømt,</i> <i>solgt</i>

*L står for tjukk l.

Refleksivforma av verba er ulik i nynorsk og bokmål, og her igjen stemmer romsdalsk med nynorsk: *å slitast*, *å møtast* i romsdalsk og nynorsk, mens bokmålet har *slites* og *møtes*.

Å forme setningar

Bokmål og nynorsk har skapt sine eigne tradisjonar for korleis ein uttrykkjer seg, altså sine eigne stiltradisjonar. Desse tradisjonane vil òg prege det språket elevane lærer seg å bruke.

Bokmålstradisjonen har mange uttrykksmåtar som er lite brukt i talemålet. Det gjeld uttrykk som *oppgavens sideantall*, *undervisningens avslutning* og *ved utferdigelse av kvitteringer*. På nynorsk bør det heller heite *talet på sider i oppgåva, avslutninga på undervisninga og når ein skriv ut kvitteringar*. Og slik er det ein ordlegg seg på naturleg romsdalsk òg. Det vil seie at verken romsdalsk eller nynorsk brukar genitiv på same måten som bokmål, og ein brukar ikkje tunge substantivuttrykk, som bokmålstradisjonen har vore prega av. Stilidealet i nynorsk er å bruke ordleggingsmåten frå dialekten, ikkje å “imponere” med fremmende konstruksjonar og klisjéar.

“Jeg vil ikke unnlate å henlede oppmerksomheten på visse forhold som vil medføre en ineffektiv utnyttelse av innretningens potensielle ressurser.”

5. Om bymålet i Romsdal

Dialekten i byar og på tettstadar skil seg ofte ut frå språket på bygdene. I Romsdal gjeld det først og fremst dialekten på Molde, men òg for ein del på Åndalsnes.

Bydialekten skil seg ut med å ha forenkla bøyingsane ein del. Det er ein tendens til å bøye alle substantiv likt i fleirtal: *fleire bila – alle bilan, bygda – bygdan, visa – visan, møta – møtan*.

Bøyingsa av verb følgjer derimot romsdalsk elles, og dermed nynorsk, med inga ending i notid av sterke verb, diftong i fortid og ingen *-t* i perfektum partisipp av sterke verb: *skrike – skrik – skreik – skreke*.

I første og andre person fleirtal heiter det personlege pronomena *vi* og *dåkker*, og i tredje person heiter det *dæm* for *dei* elles i romsdalsk. Men det er ikkje noko skifte mellom *de* og *dem* slik det skal vere i bokmålet (jf. “De kommer” og “Jeg så dem”).

6. Oppsummering

Me har no sett på mange av dei punkta der bokmål og nynorsk er ulike, og i så å seie alle tilfella følgjer romsdalsk det nynorske skriftmålet. Det er eit resultat som ikkje bør vere uventa – fordi nynorsken er bygd opp nettopp med det for auge at han skal samsvare med dialektane.

For romsdalingar bør nynorsken vere det sjølvsagte skriftmålet. Nynorsken kan skrivast svært nær dialekten, og elevane kan lettare identifisere seg med tekstane og språket sitt.